



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2015

ÅRGANG 30

Kremprogram på *Klubbefesten* 7. november!

Feiring av Nordfjordlaget 100 år



Sigrid Moldestad-konsert

*... og -hytta 55 år
den 19. september*



Fjelljom og Arne Sølberg

Sommaren fauk forbi –

våt og kald for det meste

Nokre fine og varme dagar i august gjev håp om ein god haust!

God lagsaktivitet kan vi melde om i vårhalvåret, sjølv om lagsbladet av ulike årsaker og tekniske problem ikkje kom ut då det var planlagt, det beklagar vi!

Tiltak og hendingar står nærmast i 'kø' no utover hausten, merk deg dagane og datoane med ein gong:

Laurdag 19. september er det Nordfjordhytta som er i fokus. Hytta er 55 år i år og det må markerast! Les nærmare omtale på neste side.

Laurdag 17. oktober er det tid for smalahove på Sunnfjordhytta, meir omtale kjem seinare.

Laurdag 7. november – Klubbefesten! (den 88. i rekkja)
Med eit makelaust godt program, sjå berre: Sigrid Moldestad, Inge Fænn, Arne Sølberg og Fjelljom spelemannslag. Sjå omtale på side 5.

Velkomne på tilskippingane!

Anny Sollid
Lagsleiar

Kremprogram på *Klubbefesten* 7. november!

Set av laurdags kvelden 7. november til Klubbefesten, den 88. i rekkja, då vert det feiring av Nordfjordlaget med Sigrid Moldestad og fleire!

Sigrid Moldestad-konsert

Som me melde i lagsbladet før ferien, har vi sikra oss *folkemusikar, vise-songar, tonesetjar og tekstskrivar Sigrid Moldestad og medmusikar* til konsert på Klubbefesten 7. november. Det betyr eit svært sjeldent høve til å få med seg både full klubbemiddag og ein framifrå konsert og dans til levande musikk i Storsalen i Nordahl Bruns gate!



Feiring av Nordfjordlaget 100 år

Vi vil sjølvsgatt feire at Nordfjordlaget ville ha runda 100 år om det hadde vore eige lag framleis, og serveringa vert på god gammal nordfjordvis med klubb/raspekake/raspeball, laga på byggmjøl steinmale på Ulvedal på Nordsida, og alt godt attåt!



Fjelljom og Arne Sølvberg

Og så blir det dans. Og danse-musikken er også i særklasse; *Fjelljom spelemannslag* frå Fjelli i Stryn, med *Arne Sølvberg* i spissen. Han skal òg vere kjømeister på festen!

Det vert dessutan litt historikk, kanskje kåseri, allsong – Nordfjordsongen, Klubbevisa o.a., kaffi og konfekt – vi sparer korkje på den eller noko anna denne kvelden...

Alt om prisar og påmelding kjem i neste nummer midt i oktober. Gled doke!

Nordfjordhytta 55 år Jubileumshelg 19.–20. september

Det har vore tradisjon å markere 10 årsjubilea sidan hytta stod ferdig på Solfjell ved Rykkinn. 50 år vart markert i 2010 med over 30 til bords under festmåltidet (sjå biletet). Også 45 år vart ekstra markert.

I år er det 55 år sidan hytta stor ferdig, og vi nyttar igjen høvet til litt ekstra feiring. Jubileumshelga er 19.–20. september. Kanskje får vi også denne gongen med oss hyttebyggjarar og andre som var aktive i laget i 1960 og frametter.



Festmåltidet blir slik tradisjonen er i slike høve: Rømmegraut, spekemat og anna tilbehør. Seinare på dagen blir det kaffi og kaker (sjå foto frå 50-årsfesten i 2010).

Jubileumsmåltidet blir servert **laurdag 19. september kl. 15.00.**

På grunn av maten må vi vite kor mange som kjem.

Påmelding innan 15.9. til:

Astrid Gjørven: astrid.gjorven@vikenfiber.no 22183295(h)/98681829 (m)

Dagfinn Aa: dagfinn.aa@online.no 45004933 (m)

Betaling: Kr. 150, som vert samla inn på hytta.

For dei som blir over til søndag: Ta med sovepose og litt frukostmat. Vel møtt på hytta.

Helsing

Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

Søndagsdans i Nordahl Bruns gate

Bli med på søndagsdans hausten 2015.

Kvar søndag arrangerer vi dans i Nordahl Bruns gate 22. Alle er velkomne!

Det er først ei minikurs i Halli frå kl. 18, og deretter er det dans i Storsalen frå kl. 19.30

Kvar

Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22

Pris

Pris 120

Betaling

Vi har betalingsterminal

Billett ved inngangen

Minikurs

Startar kl. 18

Søndagsdans

Frå kl. 19.30-22.24 i Storsalen

Runddans, folkedans, turdans, bygdedans

Lurer du på kva dei ulike danseformene er?

Sjå på Bygdelagssamskipnaden si nye heimeside,

<http://bls.no/sondagsdansen/>

På neste sida står terminlista for hausten 2015. Endringar kan komme.

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
September		
6	Hordaringen / Dølalæte	Springleik frå Vågå
13	Folkedansnemnda / De Frilynde	Rørospols
20	Valdreslaget / Bærum spelemannslag	Valdressedspringar
27	BUL / Brødr. Odde	Finnskogspols
Oktober		
4	Symra / Farande Fant	Stildans
11	Numedalslaget / Sofienberg spelemannslag	Hallingsspringar
18	Hordaringen / Fanteladdene	Nordlandspols
25	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Polsskor
November		
1	Symra /Bærum spelemannslag	Stildans
8	Hordaringen / Steinsgårdkroken	Rørospols
15	Hallinglaget / Enebakk spelemannslag	Vestlandsspringar
22	SF-ringen /Tonje og Stein Magne	Vestlandssprspringar
29	Symra / Eiker spelemannslag	Sunnmørsspringar
Desember		
6	ikkje avklart/ Dølalæte	ikkje avklart
13	Folkedansnemnda / Elise T m/venner	Finnskogspols

PROGRAM FOR HAUSTEN 2015

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskippingar finn ein på <http://folkedans.com/>

og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag	Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Storsalen. Første gong 25/8.
Torsdagar	Raspeball/-kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.
Laurdag 19/9	Nordfjordhytta 55 år, jubileumshelg
Laurdag 17/10	Smalahove på Pustut (Sunnfjordhytta) i Lillomarka
Søndag 25/10	Minikurs i polskor v/Ringen på Folkedanskvelden
Laurdag 7/11	Klubbefest i Sogn og Fjordanelaget
Søndag 15 & 22/11	Minikurs i vestlandsspringar v/Ringen på Folkedanskvelden
Tysdag 8/12	Juleavslutting i Ringen

Lagsavisa Tre Fjorlar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til neste avis er **30/9**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Anny Sollid 22 61 38 88(p)
anny.sollid.krøllafa.online.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar.krøllalfa.getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes.krøllalfa.niif.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj.krøllalfa.frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
Dagfinn Aa
daa.krøllalfa.ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Valbjørg Grønvik 48 18 28 98
valbjorg.gronvik.krøllalfa.gmail.no
